



AV TUVA BJØRKVOLD, FORFATTER, RESSURSLÆRER
FOR NYSGJERRIGPER OG HØGSKOLEKTOR I
NORSK VED HØGSKOLEN I OSLO OG AKERSHUS



Oversikt tema – rema om nakenrotta

nakenrotte – superdyr
nakenrotta – raring
nakenrotta – sabeltannpølsa
nakenrotta – pattedyr
nakenrotta – størrelse
nakenrotta – olding
nakenrotta – livet
nakenrotta – kreft
nakenrotta – gift
nakenrottene – oksygen
nakenrottene – giftstoff
nakenrotta – dosar

FOTO: PICTUREPOINT.NO

Tema og rema

Undervisningsopplegg til artikkelen «Den fantastiske nakenrotta» i Nysgjerrigper nr. 3-15

Nokre artiklar har eit tydeleg gjennomgåande tema, som nakenrotta i artikkelen «Den fantastiske nakenrotta». For å få ei rask oversikt over innhaldet i artikkelen kan ein leite opp alle stadene temaordet står. Til dømes står *nakenrotte* 18 gongar i artikkelen, i ulike variantar. La elevane finne alle stadene i artikkelen. Desse kan vi nytte til vidare arbeid.

På norsk, både munnleg og skriftleg, er det vanleg å fyrst seie noko som er kjent, så seier vi gjerne noko nytt om dette kjende. Sjå til dømes korleis dette er gjort i ingressen til artikkelen.

Kva trur du **forskarane (tema)** tenkte første gong dei møtte den austafrikanske **nakenrotta (rema)**? I alle fall ikkje at **ho (nakenrotta) (tema)** er eit **superdyr (rema)** som toler både farlege sjukdommar og gifter!

I den fyrste setninga ser vi at omgrepet *forskarane* er kjent (vi veit kva ein forskar er), og så introduserer ein *nakenrotta* (som vi ikkje veit så mykje om). Vidare er omgrepet *nakenrotta* kjent for oss, og det nye blir *superdyr*. Denne vekslinga mellom kjent og nytt kallar ein tema – rema. Dette gjeld stort sett i alle tekstar. Det kjende kallar ein tema (her forskarane), det nye er rema (her nakenrotta).

Når vi skal nytte tema – rema som lesestrategi på ein heil artikkel, kan det vere nyttig å ha berre eitt gjennomgåande tema, og finne rema til dette ordet. Dette gjer at vi får ei oversikt over heile artikkelen i berre nokre ordpar. Tema og rema er ofte substantiv, men ikkje alltid. For å gjere det enklare for elevane nyttar vi berre substantiv i denne strategien.

Be no elevane finne det fyrste substantivet som står etter *nakenrotte*, på kvar einaste stad i teksten. Læraren kan syne korleis ein kan gjere det i ingressen:

Kva trur du forskarane tenkte første gong dei møtte den austafrikanske **nakenrotta**? I alle fall ikkje at ho er eit **superdyr** som toler både farlege sjukdommar og gifter!

Læraren markerer *nakenrotta* med gult. Dette kallar ein temaord. Fyrste meiningberande substantiv etter er *superdyr*. Dette kallar ein remaord. Marker dette med grønt. Lag ein pil mellom *nakenrotta* og *superdyr*, mellom tema og rema. Be elevane gjere dette gjennom heile teksten, finn kva for remaord som står til temaordet *nakenrotte* i artikkelen.

Desse ordpara kan ein nytte til å få ei oversikt over artikkelen før ein les, og sidan som ei nyttig hugseliste for å lage eit samandrag, eller gjenfortelje det som stod.



Om Nysgjerrigper og Lesekroken

Nysgjerrigper er Noregs forskingsråd sitt tilbod til alle elevar og lærarar på 1.–7. steg. Vitskapsmagasinet Nysgjerrigper, nettstaden nysgjerrigper.no, konkurransen Årets Nysgjerrigper og ulike lærertilbod er viktige delar av verksemda. Les meir på nysgjerrigper.no

Med Lesekroken gir Nysgjerrigper tips til korleis tekstane i bladet kan brukast til å auke lesekompetansen i alle fag hos elevane. Les meir på nysgjerrigper.no/lesekroken





Av Tuva Bjørkvold



Oppgaver til «Den fantastiske nakenrotta»

1. Superdyr

- Teikne eit superdyr.
- Skriv på minst tre supre eigenskapar dyret har.
- Vis dyret til ein annan og forklar kvifor det er supert.

3. Detektivlesing

- Kvifor trur du nakenrotta ser ut som ho gjer?
- Kva for eigenskapar kunne du tenkt deg å få frå nakenrotta? Kvifor?
- Kvifor er det fantastisk at nakenrotta ikkje kan få kreft?

2. Temaord

Jobb saman to og to.

- Finn alle stadene i teksten der det står *nakenrotte*.
- Finn substantivet som står etter alle *nakenrotte*-orda.
- Skriv opp ordpara du har funne, eksempel: nakenrotte – superdyr
- Snakk saman om kva de trur dei ulike ordpara tyder.
- Les gjennom artikkelen.
- Gjenfortel artikkelen saman, ved å nytte ordpara de har funne.



Den fantastiske nakenrotta

Kva trur du forskarane tenkte første gong dei møtte den austafrikanske nakenrotta? I alle fall ikkje at ho er eit superdyr som toler både farlege sjukdommar og gifter!

Verkar ung, er ein eldre
Menneske merkar at vi er blitt eldre alt når vi er midt i livet. Du kan rett så sjå at ein 50-åring er eldre enn ein person på 20. Og dei fleste på 80 er både strøkete og krobete. Men slik er det ikkje med nakenrotta. Ho verkar heilt ung, nesten til ho dør. Når nakenrotta er 20 – like gammal i livet sitt som eit menneske på 85 år – kan ho godt få barn eller raise runde i springhylet sitt som ein ungdom.

Lever for fulltids dags
Nakenrotta er eit pattedyr, akkurat som oss, kattar, hestar og elefantar. Og blant dei fleste av desse dyra gjeld ein slaga regel om alder: Desse største dyret er, dess lenger lever det. Dermed kan elefantar bli over 70 år, mens mus berre lever eit par år. Og nakenrotta er jo nettopp på størrelse med et mus. Men ho lever slett ikkje i berre to år. Ho kan bli opptil 30!

Får blått kreft
Når du er det mest fantastiske ved nakenrotta er at ho ikkje kan få kreft. Kreft betyr at eit lite område i kroppen plutsleg begynn å vekse vit.

Etter kvart kan kreften gro til store klumpar, som kan øydelegge viktige delar av kroppen. Kreft kan drepe både menneske og mange dyr. Men altså ikkje nakenrotta!

Toler gift og mangl på luft
I gangane dei nakenrottene lever, kan det vere lite oksygen å pustet i. Men dei store dyra er også forundelig gode! Dei overlever faktisk berre 25 minutt utan oksygen! Og som om ikkje det var nok: Nakenrottene toler giftstoff også. Forskarane har bada celler frå nakenrotta i dødelege dosar med mange typane gift. Men jammen overlever dei det også.

Tenk om vi kunne lære å bli litt meir som den fantastiske nakenrotta!